

Musea i Sogn og Fjordane

Styremøte

Dato: Tysdag 16.02.2021
Tid: Kl. 10:00 – 15.00
Stad: Digitalt

SAKLISTE:

01/2021: Godkjenning av innkalling og sakliste (vedtakssak)
02/2021: Godkjenning av møtereferat frå styremøtet 14.12.2020 (vedtakssak)
03/2021: Årsrekneskap 2020 (vedtakssak)
04/2021: Årsmelding 2020 (vedtakssak)
05/2021: Øyremerking av egenkapital til risikobuffer – byggeprosjekt magasin (vedtakssak)
06/2021: Budsjettsøknad 2022 til Kulturdepartementet (vedtakssak)
07/2021: Budsjettsøknad 2022 til Vestland fylke (vedtakssak)
08/2021: Målsettingar for budsjettåret 2022 til innmelding til Kulturdepartementet og Vestland fylke (vedtakssak)
09/2021: Formidlingsplan 2021-2023 (vedtakssak)
10/2021: Samlingsforvaltningsplan 2021-2024 (vedtakssak)
11/2021: Orienteringar
12/2021: Ymse

SAK 01/2021: GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE

Direktøren sitt framlegg til vedtak:
Innkalling og sakliste vert godkjend.

SAK 02/2021: GODKJENNING AV MØTEREFERAT FRÅ STYREMØTE 14.12.2020

Direktøren sitt framlegg til vedtak:
Protokoll frå styremøte 14.12.2020 vert godkjend.

Vedlegg:
V1 2020 12 14 MØTEBOK - styremøte

SAK 03/2021: ÅRSREKNESKAP 2020 (vedtakssak)

Saksansvarleg:
Kjartan Aa Berge

Saksbehandlar:

Janne Gimmestad

Saksutgreiing:

Direktøren syner til vedlagte årsrekneskap og saksutgreiing.

Årets resultat viser eit positivt resultat på kr 3 180 885. Det er eit avvik mot budsjett på kr 7 997 494, då vi for året 2020 hadde planlagt å tære på eigenkapitalen og budsjettert med underskot på kr. 4 816 612. Resultatet gjer ein resultatgrad på 4,6 %, og målet på 2% er oppnådd.

Det har vore ei halvering av besøkande i 2020. Årsaka er Covid19-pandemien, og det har medført ein betydeleg reduksjon i sal av billetter, kafesal og butikksal. Ekstraløyvinga som MiSF på 1,8 millionar kr som MiSF mottok frå Kulturdepartementet i driftsstøtte i lys av pandemien, utliknar vår reduksjon i eigeninntekter for 2020.

Tilskotet frå Vestland Fylkeskommune vart det lågare enn budsjettert, då dei ikkje prisnivåjusterte sitt tilskot for 2020.

På kostnadssida har vi lågare løns- og personalkostnad enn budsjettert, dels grunna vakante stillingar, lågare arbeidsgjevaravgift enn venta, refusjon av sjukepengar frå NAV og ein gevinst på endring i pensjonsforpliktinga som har medført reduksjon av kostnaden.

Personalkostnadsgraden er på 54%, dette er lågare enn målsettinga på maksimalt 60% av totalkostnad.

Avsette midler til restaurering og vedlikehald av antikvariske bygg har eit betydeleg mindreforbruk. Fleire av dei planlagde tiltaka vert utsett til 2021, som til dømes restaurering av Heggdalsloftet. Dette har medført at fleire kostnader og planlagde utgifter er ikkje tatt i 2020. På den andre sida har arbeidet med omorganisering og arbeid med detaljutgreiing av fellesmagasinprosjektet medført eit meirforbruk.

Rehabiliteringa på Sunnfjord Museum følger framdriftsplanen, og det som er påløpt og ikkje skal aktiverast er kostnadsført i 2020. Ved prosjektslutt rundt påsketider i 2021, vil den delen av prosjektsummen som skal balanseførast, aktiverast og avskrivast over byggets levetid.

På grunn av restriksjonane rundt Covid19- situasjonen, så har vi reist mindre og utgifter til utstilling og formidling har vore redusert grunna reduksjon i opningstid.

Marknadsføringskostnader er og lågare enn budsjettert delvis av same orsak. Arbeid med visuell profilprosess er påbyrja i 2020 utan at det er påløpt særlege kostnader, og dette arbeidet vil fortsette i 2021.

Balansen er solid. Eigenkapitalgraden er på 43%, og såleis er mål om minimum 30% eigenkapital nådd.

Direktøren sitt framlegg til vedtak:

Styret godkjenner framlegg til årsrekneskap for 2020.

Vedlegg:

V2 Årsrekneskap 2020 – kontanstraum - notar

SAK 04/2021: ÅRSMELDING 2020 (vedtakssak)

Saksansvarleg:

Kjartan Aa Berge

Saksbehandlar:

Janne Gimmestad

Saksutgreiing:

Framlagt utkast til styrets årsmelding for 2019 for Musea i Sogn og Fjordane er utarbeidd i samsvar med Lov om rekneskap § 3-3a «Årsberetningens innhold for foretak som ikke er små foretak». Dette dannar grunnlaget for årsmeldinga si innhald og krav til offentleg årsrapportering.

Direktøren sitt framlegg til vedtak:

Styret godkjenner framlagt årsmelding for 2020.

Vedlegg:

V3 Årsmelding 2020

SAK 05/2021: ØYREMERKING AV EIGENKAPITAL TIL RISIKOBUFFER - BYGGEPROSJEKT MAGASIN (vedtakssak)

Saksansvarleg:

Kjartan Aa Berge

Saksutgreiing:

Direktøren syner til vedlagte saksutgreiing.

Direktøren sitt framlegg til vedtak:

Styret vedtek at 5 millionar kroner av fri eigenkapital blir øyremerkt til risikobuffer for bygginga av magasinet i Angedalen.

Vedlegg:

V4 2021 02 08 Saksutgreiing - sak 05-21

SAK 06/2021: BUDSJETTSØKNAD 2022 TIL KULTURDEPARTEMENTET (vedtakssak)

Referanse til relevant saksbehandling i styret:

06/2020: Budsjettsøknad 2021 til Kulturdepartementet

49/2020: Budsjett 2021

Saksansvarleg:

Kjartan Aa Berge

Saksutgreiing:

Det grunnleggande premisset for budsjettsøknaden 2022 til KUD er arbeidsbudsjettet for 2021. Dette budsjettet vedtok styret 14. desember 2020. Justeringar for nye tiltak som krev varige tilleggsløyvingar i 2020 samt tilhøyrande kostnader, utgjer differansen mellom arbeids- og søknadsbudsjett.

Direktøren sitt framlegg til vedtak:

Styret godkjenner framlegg til søknadsbudsjett for 2022.

Vedlegg:

V5 Søknadsbudsjett 2022 KUD

SAK 07/2021: BUDSJETTSØKNAD 2022 TIL VESTLAND FYLKE (vedtakssak)**Referanse til relevant saksbehandling i styret:**

06/2020: Budsjettsøknad 2021 til Kulturdepartementet

49/2020: Budsjett 2021

Saksansvarleg:

Kjartan Aa Berge

Saksutgreiing:

Det grunnleggande premisset for budsjettsøknaden 2022 til Vestland fylke er arbeidsbudsjettet for 2021. Dette budsjettet vedtok styret 14. desember 2020. Justeringar for nye tiltak som krev varige tilleggsløyvingar i 2020 samt tilhøyrande kostnader, utgjer differansen mellom arbeids- og søknadsbudsjett.

Direktøren sitt framlegg til vedtak:

Styret godkjenner framlegg til søknadsbudsjett for 2022.

Vedlegg:

V6 Søknadsbudsjett 2022 VIFk

SAK 08/2021: MÅLSETTINGAR FOR BUDSJETTÅRET 2022 TIL INNMELDING TIL KULTURDEPARTEMENTET OG VESTLAND FYLKE (vedtakssak)**Saksansvarleg:**

Kjartan Aa Berge

Saksutgreiing:

Direktøren syn er til vedlagte saksutgreiing.

Direktøren sitt framlegg til vedtak:

Styret vedtek framlegg til målsettingar for budsjettåret 2022.

Vedlegg:

V7 2020 02 09 Saksutgreiing sak - 08-21

V8 2021 02 09 Målsettingar 2021 - KUD

V9 2021 02 09 Måloppnåing 2020 – KUD

V10 MiSF – tilskotsbrev KUD 2021

SAK 09/2021: FORMIDLINGSPLAN 2021-2023 (vedtakssak)

Saksansvarleg:

Kjartan Aa Berge

Saksutgreiing:

Direktøren syner til vedlagte plan. Planen er behandla og godkjent i leiargruppa.

Direktøren sitt framlegg til vedtak:

Styret vedtek framlegg til formidlingsplan.

Vedlegg:

V11 Formidlingsplan MiSF

SAK 10/2021: SAMLINGSFORVALTNINGSPLAN 2021-2024 (vedtakssak)

Referanse til relevant saksbehandling i styret:

Sak 14/2017: Mandat for utarbeiding av samlingsforvaltningsplan

Saksansvarleg:

Kjartan Aa Berge

Saksbehandlar:

Thomas Walle

Saksutgreiing:

Direktøren syner til vedlagte saksutgreiing. Plandokumentet blir ettersendt.

Direktøren sitt framlegg til vedtak:

Styret vedtek framlegg til samlingsforvaltningsplan.

Vedlegg:

V12 2021 02 09 Saksutgreiing - sak 10-21

SAK 11/2021: ORIENTERINGAR FRÅ ADMINISTRASJONEN

• **Sjukefråvær**

<u>Sjukefråvær</u>	<u>pr. 30.11.2020</u> (rullerande 12 månader)	<u>pr. 31.01.2021</u> (rullerande 12 månader)	<u>Endring</u>
Eigenmelding	1,67%	1,76%	0,09%
Sjukemelding < 16 dg	0,91%	0,70%	(0,21%)
Sjukemelding > 16 dg	2,58%	2,41%	(0,17%)
Totalfråvær	5,16%	4,87%	(0,29%)

• **Besøksstatistikk 2020**

Vedlegg:

V13 Besøksstatistikk for 2020

- **Status innkjøp av kunst – ekstraordinære løyvingar**

Vedlegg:

V14 2021 02 09 Notat

- **Møte med hovudutval for kultur i Vestland fylke 20.januar**

Vedlegg:

V15 2021 11 20 Presentasjon

V16 2021 02 09 Notat

- **Status NKS**
Direktøren orienterer i møte.
- **Status vernebygg Holvikejekta**
Direktøren orienterer i møte.
- **Organisasjonsprosessen**
Direktøren orienterer i møte.

Direktøren sitt framlegg til vedtak:

Orienteringane vert tatt til vitande.

SAK 12/2021: YMSE